

Årsmelding for 2015

Styret valt på årsmøtet 22.02.15

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Gry Folkvord (ikkje på val)	1: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Harald Jordal (ikkje på val)	2: Håkon Tverdal (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (vald for 2 år))	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Harry Solberg (vald for 2 år)	Valnemnd: Turid A. Solberg (leiar), Øystein Kambestad og Sigrun Tveita

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og med Marit Bleie Mannsåker som kasserar. Harald Jordal er skrivar. Mellom årsmøta har styret hatt 16 møte.

Medlemstalet

149: Dette er ein framgang på 3 frå 2014.

Tilskippingar

Årsmøtet 22.02.15

Etter møtet innleidde Terje Kollbotn til ordskifte om det vidare arbeidet for Oddamodellen. Årsmøtet var i Ungdomshallen.

Nestleiareren i Noregs Mållag, Sigbjørn Hjelmbrække, skulle vore med på møtet, men måtte gjera vendereis p.g.a. dårleg ver.

15.11.15: Kulturkveld Ungdomshallen:

Odda i manns minne vart presentert. Bidragsytarane fekk påskjøning. Program elles: Musikk og allsong. NVIM sin biletskatt, bokutlodding og baksal.

Arbeidet med å berga språkdelinga på Odda ungdomskole:

Saka kom opp på årsmøtet i Hordaland Mållag 28.02. og 01.03.15 og årsmøtet vedtok:

Årsmøtet i Hordaland Mållag vil i det komande året arbeida aktivt for å auka oppslutninga om Oddamodellen – språkdeling på alle teoretiske fag på ungdomsskuletrinnet – i Hordaland, spesielt i kommunar som er språkdelt. Dette vil vera eit viktig verkemiddel for å styrkja nynorsken i grunnskulen og motverka målbytte på ungdomstrinnet i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Hordaland Mållag vil samarbeida med Odda Mållag og Noregs Mållag for å gjera dette til ei nasjonal ordning i språkdelt område. Hordaland Mållag vil arbeida aktivt for å påverka fylkespartia i Hordaland og Hordalandsbenken på Stortinget i denne saka. Målet med arbeidet er for det første å få lovfesta Oddamodellen som ei allmenn og nasjonal ordning og for det andre å få fastslått at staten skal dekkja meirkostnadene kommunane vil få med språkdelinga på ungdomssteget i grunnskulen.

20.03.15 sende Odda Mållag dette brevet til dei politiske partia i Odda:

Odda Mållag

Dei politiske partia i Odda kommune ved leiar:

Odda herreds Arbeiderparti, Høgre, Venstre, Senterpartiet, Raudt , Moderatane , Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti.

Odda Mållag vil med dette oppmoda dei politiske partia i Odda til ta eit positivt standpunkt til Oddamodellen i programmet sitt til kommunevalet 14.september 2015. Vi ynskjer at språkdeling ved Odda ungdomskole skal halda fram. Vi ynskjer difor at alle partia programfester språkdelinga på ungdomstrnnet i Odda.

Odda Mållag ser på denne saka som ein viktig kultur– og språkpolitisk ressurs for så vel Oddasamfunnet som oddaskulen og eit plusselement både med tanke på rekruttering av tilflyttarar og i dialogen med resten av regionen

ODDAMODELLEN

Det moderne, framsynte og permanente parallellklassesystemet!

Oddamodellen: 101 år i 2015 – frisk frå kjelda og eit tilbod til nasjonen!

Historikk

- +1885:** Jamstillingsvedtaket av bokmål og nynorsk i Stortinget
- +1892:** Målparagrafen vert innført og opnar for at skulekrinsane kan velja det nynorske målet i krinsane
- +1900:** Nynorsk vert innført i skulen i Odda krins i Ullensvang herad
- +1906:** Omfattande vasskraftutbygging og industrireiseing tek til. Folketalet fleirdoblar seg på få år
- +1913:** Odda vert eigen kommune
- +1914:** Folkekrav om skifte frå nynorsk til bokmål i Odda krins som fylgje av vasskraftutbygging og industrialisering
- +1914:** Skulestyret i Odda innfører parallellklassar som prinsipp på barneskulen i Odda som svar på kravet, - men må søkja departementet om løyve då dette ikkje er gjort før.
- +1914:** Departementet imøtekjem søknaden og statsråden rosar initiativet som klokt og framtidretta. Olav Kolltveit skriv i «Det nye Odda»: **Oddamodellen er fødd**. Ordninga medfører at målstriden stilnar og lettar sameksistensen mellom «innfødde» og tilflyttarar - begge partar sine krav er tekne vare på
- 1944:** Landet: 33 % nynorsk i grunnskulen. **Odda omlag 50 % nynorsk i grunnskulen**
- 2014:** Landet: 11 % nynorsk i grunnskulen. **Odda: 67 % nynorsk i grunnskulen**
- 2014:** Noregs Mållag sitt landsmøte vedtek samrøystes å arbeida for at Oddamodellen skal bli nasjonal språkpolitikk og tek modellen som pedagogisk og språkpolitisk verkemiddel inn i arbeidsprogrammet
- 2015:** 4. mars takkar Odda kommunestyre **samrøystes** ja til invitasjon frå Noregs Mållag om saman å arbeida for Oddamodellen som nasjonal språkpolitikk.

Oddamodellen står for

- språkvalet som forelda gjer for borna, gjeld til og med ungdomssteget
- tek inn over seg at nynorsk i nasjonal samanheng og i språkkvardagen er den svake parten
- sikrar og underbyggjer god læremiljø og hindrar språkstrid
- respekterer heile tida mindretalet sine rettar
- produserer trygge og meistrande språkbrukarar (elevar) –slik skuleverket skal
- held oppe nynorsk som nasjonalt språk
- hindrar målbyte frå nynorsk til bokmål i utdanningsløpet
- førebyggjer mobbing i skulen
- styrker språkleg – og kulturell identitet i ei viktig og formande brytingstid i livet.

NB: Odda kommunestyre har ved budsjettvedtaket om å vidareføra modellen i 2014 og 2015 fatta eit framtidsretta verdival **med full støtte frå elevrådet på ungdomsskulen** (både bokmåls- og nynorskelevane).

NB: Odda kommunestyre har ved vedtaket sitt 4. mars 2015 slutta seg til at Oddamodellen skal bli aktivert i den nasjonale språkpolitikken og at meirkostnadane for kommunane vert refunderte av staten med m.a. slik ordlyd i vedtaket :

«Etablera kontakt med Noregs Mållag for å leggja opp prosess og strategi for målsetjinga om ei nasjonal ordning.»

- Odda Mållag er overtydd om at Oddamodellen er eit kultur – og språkpolitisk pedagogisk verkemiddel som har vist seg å vera særst effektiv for å nå samfunnsmessige mål i Odda og i andre språkdelte samfunn
- Mållaget takkar gjerne ja til å bli invitert til nærare drøftingar om noko er uklart eller det er trong for meir informasjon

Laget vil i valkampen henta informasjon om dei politiske partia sine standpunkt i denne saka slik det er nedfelt i valprogramma. I dette ligg at vi vil arbeida for at saka vert tema i sjølve valkampen som den samfunnssaka den er – inkludert eit ope møte om saka framfor valet til hausten.

- Sjå og heimesida vår (<http://odda-mallag.no>) eller Noregs Mållag heimeside (www.nm.no) der det er fleire artiklar om Oddamodellen m.a. av Helga Mannsåker

Dagleg leiar i Noregs Mållag Gro Morken Endresen deltok på styremøte i Odda Mållag 13.04.15.

Odda Mållag si årsmelding for 2015

Dagen etterpå – 14.04.15 - var Gro Morken Endresen med på eit ope strategimøte om språkdelte ungdomsskular. På det opne møtet om kvelden var det innleiingar av ordføraren i Odda John Opdal, Gro Morken Endresen, Terje Kollbotn og Jarle Vangen. Møtet var halde i Ungdomshallen. Odda kommune og Noregs Mållag var tilskiparar av møtet. Same dagen møtte språkdelingsgruppa administrasjonen på Odda vidaregåande skule. Leiaren i Odda Mållag Knut O. Dale var invitert og deltok på møtet med Odda vidaregåande skule.

Det opne møtet fekk ein brei omtale i Hardanger Folkeblad.

Møte med Hordalandsbenken på Stortinget 02.06.15:

Sendelaget frå Odda var samansett av ordførar John Opdal, Jarle Vangen og Terje Kollbotn frå den kommunale språkdelingsgruppa. Anna Haugland Jondahl og Liva Thiis frå elevrådet på Odda ungdomskole. Også sekretæren for språkdelingsgruppa Marit Langås og Erlend Bolstad frå ungdomskulen var med i sendelaget. Frå Noregs Mållag møtte leiaren Marit Aakre Tennø. På møtet møtte .. stortingsrepresentantar.

I samband med kommunereforma sette leiaren i kommunalkomiteen, Helge Andre Njåstad, fram dette framlegget som fekk tilslutnad frå alle partia på Stortinget bortsett frå Arbeidarpartiet: om å **«vurdera tiltak for å likestillast ungdomskule og barneskule med tanke på retten til opplæring på eige språk og koma tilbake til Stortinget på eigna måte om det»**.

Møtet på Litteraturhuset i Bergen 18.08.15: Tema: Nynorsken sin plass i Hordaland og Oddamodellen spesielt:

Innleiarar på møtet var ordførar John Opdal frå Odda, leiaren i Noregs Mållag Marit Aakre Tennø, doktorgradsstipendiat i norsk Helga Mannsåker; Inge Reinsnos frå Odda ungdomskole, Liva Thiis frå Odda ungdomsskole, og Arild Reigstad frå Hordaland Mållag/Arna Mållag/skulemålsnemnda i Hordaland Mållag. Informasjonsmedarbeidar i Fjell kommune, Vigleik Brekke, var ordstyrar. Møte var på Litteraturhuset.

I panelet sat Anne Gine Hestetun (AP), Pål Kårbø (KrF), Eirik Skutle (H), Helge Andre Njåstad (FrP), Aleksander Fosse Andersen (SP), Njål Neckemann (V), Aud Karin Oen (SV), Tom Sverre Tomren (MpG) og Terje Kollbotn (Raudt).

Etter valet vart Anne Gine Hestetun fylkesordførar og Pål Kårbø fylkesvaraordførar.

Odda kommune saman med Noregs Mållag, Hordaland Mållag og Odda Mållag arrangerte møtet som var ein del av kommunevalkampen.

Møte i Odda 25.08.15 om framtida til Oddamodellen. Møtet vart halde i Ungdomshallen.

Gry Folkvord frå Odda Mållag innleidde saman med Inge Reinsnos frå Odda ungdomskole og Liva Thiis frå det avtroppande elevrådet på Odda ungdomskole. Møtestyrar var Johs. H. Sekse.

I panelet sat Roald Aga Haug (AP), Erlend Bolstad (H), Eivind Tokheim (V), Salm Sjurstræ (SP), Terje Kollbotn (Raudt), Kåre Instanes (Demokratane), Marit Backer-Owe (KrF) og Steinar Sæther (SV).

Hardanger Folkeblad hadde eit sidesoppslag om møtet.

Andre møte om språkdelinga:

28.05.15 hadde Kristen D. Eitheim og Knut O. Dale møte med Roald Aga Haug og Linda Haugland Jondahl, høvesvis ordførar og varaordførarkandidat for Arbeidarpartiet.

24.11.15, framfor budsjettmøtet i formannskapet, sende Odda Mållag dette brevet til alle kommunestyrerepresentantane i Odda:

Om språkdelinga på Odda ungdomskole

I den meir enn 60 år lange historia til Odda Mållag er språkdelingssaka den viktigaste saka laget har arbeidd med.

No er saka lyfta opp på eit nasjonalt nivå. Dette kom til uttrykk då utsendingar frå Odda, med ordførar John Opdal i spissen, møtte hordalandsbenken på Stortinget 2. juni 2015.

Odda kommune var og medarrangør av det store møtet om Oddamodellen i Bergen den 18. august.

No er saka inne på ein veg og ei retning som kan føra til at staten ber meirkostnadene med språkdeling på ungdomssteget i grunnskulen.

Særleg kom dette til uttrykk i ein merknad frå partia Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Sosialistisk Venstreparti då Stortinget handsama kommuneproposisjonen. I merknaden bad partia regjeringa om å

«vurdera tiltak for å likestilla ungdomskule og barneskule med tanke på retten til opplæring på eige språk og koma tilbake til Stortinget på eigna måte om det».

Nestleieren i Venstre, Terje Breivik, skreiv i ein e-post til Odda Mållag 27.10.15 m.a.: «Skal sjå kva eg får til alt no.». Og om det ikkje lukkast å få inn midlar på statsbudsjettet i haust, skriv han vidare: »Neste sjanse er forhandlingane om revidert budsjett til våren.»

Saka om å gjera Oddamodellen allmenn og få staten til å bera meirkostnadene med språkdelinga på ungdomssteget er enno ikkje vunnen.

Men merknaden frå Stortinget i samband med kommuneproposisjonen viser at arbeidet går frametter.

I eit slikt perspektiv, med utsikter til å få ei statleg finansiering, meiner me det vil vera meir enn uheldig om Odda kommunestyre opphevar språkdelinga når budsjettet for 2016 skal vedtakast.

Framfor budsjetthandsamingane i formannskapet og kommunestyret hadde Harry Solberg eit møte med Eivind Tokheim frå Venstre. Tokheim er m.a. leiar i utviklingskomiteen i Odda kommune.

19.11.15 møtte Solveig Grønlien og Knut O. Dale varaordførar Linda Haugland Jondahl og Cathrine Holten (kommunestyrerepresentant for Venstre). Anna Maria Kråkevik (H) og Marit Backer-Owe (KrF) var og inviterte på møtet, men måtte melda avbod. Alle er lærarar på Odda barneskole.

30.11.15 møtte Harald Jordal. Solveig Grønlien og Knut O. Dale Emil Tomasgard (AP) og Marit Backer-Owe (KrF). På dagsorden stod framlegget frå rådmannen om å oppheva språkdelinga for dei elevane som byrjar på Odda ungdomskole hausten 2016. Tomasgard og Backer-Owe er leiar og nestleiar i driftskomiteen i Odda kommune.

Framfor budsjetthandsaminga 17.12.15 skreiv Knut O. Dale skreiv dette lesarinnlegget som vart trykt i Hardanger Folkeblad 15.12.15:

Målbyte i Odda og Valdres: Den store skilnaden er Oddamodellen

I Valdres byter 75 prosent av elevane frå nynorsk til bokmål. Slik er det ikkje i Odda. I år var det 2 av 56 elevar som gjekk over til bokmål då dei tok til på Odda vidaregåande skule, dvs. mindre enn 4 prosent.

Firmaet *Proba samfunnsanalyse* hevdar at årsaka til målbyte er «den massive bokmålspåverknaden», skal me tru eit brev frå Utdanningsdirektoratet datert 26.06.15.

Odda Mållag si årsmelding for 2015

Men bokmålspåverknaden er like stor i Odda som i Valdres. Men det er ein skilnad mellom Odda og Valdres: I Valdres har dei ikkje språkdeling på ungdomskulane.

Karen Marie Kvåle Garthus, som no er avdelingsleiar på den studiespesialiserande studieretninga på Valdres vidaregåande skule, har granska målbytet i Valdres.

I eit intervju med NRK sa ho dette om årsaka til målbytet: «Jeg tror at dette handler om at en nynorskbruker i Valdres mangler språklig selvtillit, og at vi ikke har klart å gi dem det gjennom skolegangen.»

Denne språklege og kulturelle sjølvtiliten gjev Odda ungdomskole nynorskelevane og difor har vi lite eller ikkje målbyte i Odda.

Å oppheva språkdelinga vil langt på veg vera eit brot med den politikken som eit samla kommunestyre no i haust la til grunn med attvalet og styrkinga av språkdelingsutvalet . Dette politiske utvalet - med ordførar Roald Aga Haug i spissen - har fått som mandat å arbeida for at Oddamodellen skal gjelda over heile landet og at utgiftene med modellen skal finansierast av staten. Vi står no på terskelen til at Oddamodellen kan bli allmenn, jf. tinginga frå fleirtalet i kommunalkomiteen på Stortinget til regjeringa .

Om kommunestyret no set strek over Oddamodellen, vil det vera ei kulturell misgjerning og langt på veg ei undergraving av ei av skuleverket sine kjerneoppgåver: å gjera alle elevar til dugande og trygge språkbrukarar.

Dagen før budsjettmøtet (16.12.15) møtte Harald Jordal og Knut O. Dale ordførar Roald Aga Haug (AP) til eit halvtimes langt møte om språkdelinga på Odda ungdomsskole.

Terje Kollbotn har delteke på deler av dei fleste styremøta på sakslistepunktet om språkdelinga.

På budsjettmøtet 17.12.15 vart språkdelinga på ungdomskulen langt på veg nedlagd. Det var partia Venstre, Senterpartiet og Arbeidarpartiet som stemde for opphevinga av språkdelinga. Høgre, Raudt og Demokratane ville halda fram med språkdelinga. Kristelig Folkeparti var ikkje med på budsjettmøtet, men partiet har programfesta at dei vil halda oppe språkdelinga.

På budsjettmøtet 17.12.15 gjorde kommunestyret eit samrøystes vedtak. Det var Jarle Vangen som kom med framlegget:

Språkdelinga på Odda ungdomskole blir vurdert på nytt i samband med revidert statsbudsjett til våren.

Grunngjeving: Vi må sjå utviklinga sentralt og om vi får dekt nokre av utgiftene.

Elles har klubben til Utdanningsforbundet på Odda ungdomsskole, elevrådet på Odda ungdomsskole og foreldreutvalet på Odda ungdomsskole kome med fråsegner til støtte for språkdelinga.

Ei gruppe der Harald Jordal, Inge Reinsnos, Knut O. Dale, Terje Kollbotn og Jarle Vangen var med, gjorde førearbeidet til eit brev til Utdanningsdirektoratet om språkdelte ungdomsskular. Gruppa hadde to møte. Brevet hadde denne ordlyden og vart sendt 19.01.16:

Odda Mållag

Utdanningsdirektoratet

Vedkomande:

Utdanningsdirektoratet sitt brev til Kunnskapsdepartementet dagsett 26.06.15

Språkdeling etter Oddamodellen:

«Det enkle og konsekvente er ofte det beste!»

Litt om bakgrunnen:

Oddamodellen er utvikla for dei som treng han: Det er språkdelte kommunar og krinsar. **Modellen legg til grunn at skuleeigar tilbyr foreldra eit reelt målval for elevane i grunnskulen. Vidare legg Oddamodellen til grunn at skuleeigaren respekterer foreldra sitt målval så lenge dei er elevar i grunnskulen.** I dag er det å velja nynorsk for barna sine i stor grad eit uttrykk for eit kultur- og identitetsstandpunkt. Nynorskelevane er og i eit nasjonalt perspektiv den svake parten. Men i Odda kommune har nynorsk styrkt seg som opplæringsmål i grunnskulen.

Odda barneskole (Odda krins) har parallellklasseordning. Slik held det og fram i ungdomsskulen med den presiseringa at elevane frå Tyssedal skole (bokmålskrins) går inn i bokmålsklassane og elevane frå Skare skule (nynorskkrens) går inn i nynorskklassane.

Allmenne synspunkt:

Oddamodellen er eit praktisk og tilpassa svar på ei av skuleverket sine kjerneoppgåver:

Å gjere elevane til trygge og habile språkbrukarar på det målet som foreldra valde ved innskrivinga.

Oddamodellen er på mange måtar eit permanent parallellklassesystem tilpassa språkdelte område. Parallellklasseordninga tek vare på rettane til foreldra om målval. Ho hindrar språkstrid og stimulerer læringsmiljøet i skulen og særleg på ungdomssteget. Ordninga førebyggjer i praksis målbyte både ved overgang frå barne- til ungdomssteget og frå ungdomssteget til vidaregåande.

Vi meiner:

Oddamodellen vert innført som ei nasjonal og allment ordning. Dette kan t.d. skje gjennom eit såkalla « Dokument 8 – forslag», då innføring av parallellklassesystem på ungdomssteget ikkje er noko anna enn utviding av eksisterande ordning for barnesteget.

Gruppestorleiksgrensene må vera dei same for ungdomssteget som for barnesteget i grunnskulen, dvs. minst 10 elevar

Lokalt

Språkdelinga i Odda feira 100 år i 2104. På ungdomssteget har ho eksistert så lenge ungdomskulen har eksistert. Foreldra vel skriftspråk for elevane når elevane byrjar i fyrste klasse. Ingen elevar byter skriftspråk i overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen og all skriftleg undervisning på ungdomskulen føregår på nynorsk i nynorskklassane.

Verknad av Odda-modellen etter grunnskulen: Lite eller ikkje målbyte frå ungdomskulen til vidaregåande, i 2015 under 4 prosent.

For vår del ber vi om :

Vi ber om at staten dekkjer meirkostnadene for oss for komande skuleår (ca. 650.000) og gjerne knyter det til ei nærare pedagogisk gransking av Oddamodellen

Vi meiner at det empiriske grunnlaget i Odda er så eintydig over så mange år at det og kan brukast som jamføring (referanse) til andre språkdelte område.

Kopi av brevet vart sendt til Landslaget for nynorskkommunar, Nynorsksenteret, Noregs Mållag og Språkrådet.

Møte om nynorsk for innvandrarar:

Saman med mållaga på Voss og i Ullensvang arrangerte Odda Mållag eit møte om nynorsk for innvandrarar. Møtet var i Granvin 16.11.15

Innleiarar på møtet var Brit Jorund Liland frå vaksenopplæringa på Voss, Kjell Arne Gjørn frå vaksenopplæringa i Kvam, Jon Olav Stadheim frå vaksenopplæringa i Odda, skulemålsskrivaren i Noregs Mållag Ingar Arnøy og ordføraren i Ullensvang Solfrid Borge. Johs. H. Sekse var ordstyrar på møtet. Frå Odda Mållag møtte Solveig Grønlien og Knut O. Dale. Det var Odda Mållag som gjorde opptaket il møtet. Talet på deltakarar var 12. Leiaren i Ullensvang Mållag Erlend Trones skreiv eit særskildt nøyaktig og utfyllande referat frå møtet.

Sørfjorden Målungdomslag:

I styret for målungdomslaget sit Liva Thiis (leiar), Eirunn Flaten Sandvin og Eivind Trones.

Røldalsmarknaden 19.-21.06.15.

Odda Mållag markerte seg på Røldalsmarknaden med eigen bås. Ulike mållagsemler, mållagseffektar og bøker vart selde. Solveig Grønlien var drivkrafta og frontfiguren til Odda Mållag på Røldalsmarknaden.

Vervetiltak:

20.11.15 sette Odda Mållag inn ei større fargelysing i Hardanger Folkeblad. Føremålet med lysinga var å få nye medlemar i Odda Mållag.

Eldbjørg Furholt, Jostein Eitrheim, Leif Øie, Kristin Walle, Silje Kamilla Uttun Seim Hagen og Åse Røgenes oppmoda folk om å melda seg inn i mållaget.

Målprisen 2014:

Elevrådet på Odda ungdomskole fekk målprisen for 2014 for arbeidet dei har gjort for språkdelinga på skulen. Prisen er eit trykk av biletkunstnaren Solfrid Aksnes. Gry Folkvord overrekte prisen på avslutningsfesten til Odda ungdomsskole

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

I 2015 løyvde Odda Mållag 17 000 kroner til Radio Folgefonn.

Odda Mållag si årsmelding for 2015

Vetle Mikkelsen, avgangselev på Odda vidaregåande skule, fekk nynorskprisen for 2015. Prisen går til ein dugande nynorskelev og er på 2 500 kr.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1150 og meir enn 1000 hefte er selde.

Det er ei utfordring å selja heftet, sidan bokhandelen i Odda er nedlagd. Harry Solberg organiserte salet.

Nynorsk i skulen:

67 prosent av elevane i grunnskulen i Odda har nynorsk opplæringsmål. Framfor innskrivinga hadde Odda Mållag to lysingar i Hardanger Folkeblad.

Utsendingar på møte og tilskipingar:

Årsmøtet i Hordaland Mållag 28.02. og 01.03.15. Frå Odda Mållag møtte Ingvild Jøsendal, Knut O. Dale og Solveig Grønlien.

Solveig Grønlien er nestleiar i Hordaland Mållag.

På konferansen til Noregs Mållag i Fredrikstad 14. og 15.03.15 deltok Solveig Grønlien og Knut O. Dale. På Bergenskonferansen 25. og 26.04.15 var Terje Kollbotn og Knut O. Dale deltakarar frå Odda Mållag.

Knut O. Dale var med på Nynorskkonferansen i Bergen 21. og 22.10.15. På eit av seminara fekk Inge Reinsnos og Knut O. Dale høve til å orienterte om Oddamodellen. Knut O. Dale var utsending for Odda vidaregåande skule.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut oppslag på sida.

Økonomien:

Inntektene til Odda Mållag var i 2015 266 665,67 kr og utgiftene var 336 550, 25 kr. Trass i eit stort underskot er økonomien til Odda Mållag god.

Etterord:

Språkdelinga på Odda ungdomsskole heng no i ein tunn tråd. Me håpar og trur at Stortinget kan utvida ordninga på barneskulen til og å gjelda for ungdomskulen og at staten vil dekkja meirkostnadane med språkdelinga.

Odda Mållag si årsmelding for 2015

Halvparten av nynorskelevane i grunnskulen byter skriftspråk, når dei er ferdige med den vidaregåande skulen. Me meiner dette er den største utfordringa mållaget - på landsplan - står overfor.

Me vonar at den kommunale språkdelingsgruppa i Odda (Roald Aga Haug, Jarle Vangen, John Opdal og Terje Kollbotn) kan fungera slik tanken var. Gledeleg er det at situasjonen til nynorskelevane i Bergen er sett på dagsorden. Me trur at vedtaket til Bergen bystyre er eit resultat av møtet 18.august 2015. I alle fall ser Bergen bystyre at språkblanda klassar er ei utfordring for nynorskelevane. Slik ser ikkje fleirtalspolitikarane i Odda på det.

Vedtaket i Bergen bystyre har denne ordlyden:

Ungdomsskulane i Bergen som tek imot nynorskelevar bør derfor:

1. På førehand ha kartlagt kva elevar som skal ha nynorsk på skulen.
2. Nynorskelevane skal få utdelt lærebøker på nynorsk og skal sleppe å be særskilt om å få det.
3. Nynorskelevane skal få alle prøver og testar på nynorsk og skal sleppe å be særskilt om å få det.
4. Nynorskelevane skal så langt det er råd få alt skriftleg materiell på nynorsk.
5. Nynorskelevane bør så langt det er råd få gå i same klasse slik at dei slepp å vere dei einaste nynorskelevane – å vere åleine eller få gjer dei endå meir utsette. Å samle nynorskelevane gjer det òg lettare å få til best mogleg undervising for dei. På skular med ein stor del nynorskelevar bør desse om det er råd få gå i ein eigen klasse.

Elles er mangel på lærebøker for innvandrarar ei stor utfordring. Gledeleg er det at Ullensvang og Voss no går over til nynorsk, men det er ei gåte at Noregs Mållag ikkje vågar å krevja ei lovfesting, m.a.o. at læremiddel til innvandrarar skal koma på nynorsk og bokmål til same tid og til same pris.

Odda i manns minne kom ut for 24 gong i 2015, og styret er særst takksame for den innsatsen og det arbeidet som skriftstyret og Harry Solberg gjer.

Odda 15.02.16

Styret i Odda Mållag